

Protokoll møte i Regionrådet Nordhordland – fredag 13. april 2018

Møte: 3-2018  
Tid: Fredag 13. april kl. 09:00 - 14:30  
Stad: Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Til stades:

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland, Tom Kristian Thorsen, Øyvind Oddekalv, Per Lerøy, Hallvard Oppedal, Stian Herøy, Jon Askeland, Nina Bognøy
<b>Rådmenn:</b>	Svein Helge Hofslundsengen, Jarle Landås, Martin W. Kulild, Jo Bjarte Tømmerbakke, Ingvild Hjelmtveit, Jan Olav Osen, Ingebjørg Vamråk, Reidun Halland
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss, Anne Hildegunn Færøy (sak 19/18)
<b>Andre:</b>	Sak 21/18: Frode Nergaard Fjeldstad, Region Bergen reiseliv Sak 23/18: Vidar Totland, Invest in Bergen
<b>Forfall:</b>	Jarle Skeidsvoll, Astrid Aarhus Byrknes, Ørjan Raknes Forthun

Sak 17/18	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 18/18	<b>Godkjenning protokoll møte 2-2018</b> Møteprotokoll frå møte 2-2018 vart godkjent utan merknadar.
Sak 19/18	<p><b>Referat frå samarbeidsorgan folkehelse i Hordaland / program for folkehelsearbeid i kommunane 2017-2027</b> (vedlegg)</p> <p>Øyvind Oddekalv orienterte om korleis det vert jobba med folkehelse i Utval for kultur, omdømme og kunnskapsutvikling. Folkehelsearbeid skal fyrst og fremst skje i kommunane, og representantar frå kommunane har vore i utvalet og orientert om dette. Inntrykket er at det vert gjort mykje bra arbeid. Ein del overordna arbeid vert gjort på eit høgare nivå, til dømes i fylkeskommunen, og det kan vera klokt å vurdera regionalt samarbeid om t.d. kartlegging og kunnskapsinnhenting. Folkehelsearbeid er eit kompleks arbeid, og det er vanskeleg å finna eksakt kva som verkar.</p> <p>Anne Hildegunn Færøy informerte om at Hordaland fylkeskommune er blitt programfylke for folkehelsearbeid. Dette som ei oppfølging av «Program for folkehelsearbeid i kommunane 2017 – 2027» – ei satsing for å fremja barn og unge si psykiske helse og livskvalitet. Programmet er ei tiårig satsing for å utvikla kommunane sitt arbeid med å fremja helse og livskvalitet og skal bl.a. bidra til å integrera psykisk helse som del av det lokale folkehelsearbeidet og fremja lokalt rusførebyggjande arbeid. Barn og unge skal vera ei prioritert målgruppe. Fylkeskommunen har gått ut til kommunane med tilbod om å søkja om midlar i programmet. Det er lagt opp til ei stegvis opptak av programkommunar som strekk seg over 6 år.</p> <p>Færøy som på vegne av Regionrådet sit i fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan i samband med programmet, stilte spørsmål om nokon av Nordhordlandskommunane er klar til å søkja i 2018, eller om ein heller skal arbeida for å søkja om opptak i programmet i 2019. Og skal, bør eller vil kommunane samarbeida om å skaffa seg nødvendig kunnskapsgrunnlag og vurdera felles utforming av tiltak? Spesielt kommunar med same utfordringar kan ha nytte av å samarbeida på tvers av kommunegrensene. Gjennom programmet får kommunane moglegheit til å kopla seg mot FOU-miljøa som skal bistå i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og utforming av tiltak.</p> <p>Regionrådet helsa programmet velkomen, og meiner at dette er ei særdeles viktig og rett satsing. Grunna arbeidet med Alver kommune, så er ikkje desse kommunane klar i fyrste pulje, men satsing på folkehelse vil uansett vera eit sentralt tema i organisering av Alver. Det kunne derfor vore greitt om nokre andre kommunar i Nordhordland vart med no, slik at det kjem midlar til regionen.</p>

	<p>Fleire peika på at det vert jobba med folkehelsearbeid i kommunane, ikkje minst satsing på tidleg innsats, men at dette er eit kompleks arbeid. Dette er eit program som varer i mange år, og det er mogeleg å koma med i programmet ved seinare høve. Regionrådet konkluderte derfor med at det ikkje går noko søknad frå regionen no, men at ein framover vurderer forma for samarbeid i regionen, og at ein søker seg inn programmet seinare. Færøy sit i samarbeidsorganet i fylket, og vil rapportera tilbake til Regionrådet / kommunane.</p>
Sak 20/18	<p><b>Folketal, skatteinntekter, arbeidsplassar og sysselsetting 2017 - og utvikling i Nordhordland</b></p> <p>Bent Gunnar Næss orienterte om seinare tids utvikling og trendar i Nordhordland (vedlegg). Han viste også til kommunebarometeret som nettopp er presentert, og som viser at Nordhordlandskommunane ligg lågt plassert. Utfordringane er bl.a. at:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ tilveksten i folketal er i ferd med å stoppa opp, ein er avhengig av nettoinnflytting.</li> <li>▪ tal 80+ vil auka betydeleg frå 2025</li> <li>▪ tal nye arbeidsplassar i privat sektor må opp</li> <li>▪ andel som deltar i arbeidslivet må opp</li> <li>▪ regionen utviklar seg meir og meir som ein skattesvak region.</li> </ul> <p>Ei utfordring til Regionrådet og til kommunane er derfor:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ kva er grunnen til dette skjer?</li> <li>▪ er utviklinga slik me ønskjer?</li> <li>▪ jobbar me med dei rette tinga – og på rett måte til rett tid?</li> </ul> <p>Det vart frå Regionrådet framheva at den store nedgangen i private arbeidsplassar bør bekymra. Regionen er for avhengig av konjunkturane i olje- og gassbransjen. Veg og infrastruktur er grunnleggjande for både folketalutviklinga og for etablering av nye arbeidsplassar - E39 må på plass. Næringsareal må vera tilgjengeleg og klar til å takast i bruk. Det vart stilt spørsmål om det burde vore gjennomført ein konkurrentanalyse som ser på attraktiviteten i vår regionen i forhold til andre regionar, og det vart peika på at det er viktig sjå kva positiv kraft Alver kan representera inn i dette biletet.</p>
Sak 21/18	<p><b>Løypemelding frå Region Bergen Reiseliv</b></p> <p>Prosjektleiar Frode Nergaard Fjeldstad gav løypemelding frå reiselivsatsinga i Bergensregionen og kva tiltak og aktivitetar som er gjennomført fram til no (vedlegg).</p> <p>Han synest det er imponerende at ein har klart å samla kommunar og regioner (Bergen + Vest + Nordhordland + Os) til felles satsing basert på gamle Bergen reiselivslag. Dette har allereie byrja å gje resultat. Bergen har over tid hatt stor vekst på dette området, dette ønskjer ein også Nordhordland skal ta del i. Det er også ekstra kjekt at Osterøy kommune har sagt ja til også å vera med i samarbeidet.</p>
Sak 22/18	<p><b>Nordhordlandspakken – informasjon frå kontaktutvalet</b></p> <p>Øyvind Oddekalv og Rune Heradstveit informerte frå kontaktutvalet i Nordhordlandspakken. Kontaktutvalet hadde møte nr. 2 tysdag 13. mars og det var då befaringar på ulike prosjekt:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Fv. 565 Marås-Soltveit</li> <li>2. E39 Knarvik sentrum</li> <li>3. E39 Kollektivtrafikktiltak og innfartsparkering, Flatøy</li> <li>4. Fv. 245 Fosse-Moldekleiv/fv. 564 Fosse-krysset</li> <li>5. Fv. 564 Fløksand-Vikebø</li> <li>6. Fv. 564 Frekhaug-krysset, inkl. utbetring av fv. 244</li> </ol> <p>Byggherreseksjonen har spurt om ein kan utsetja oppstart av bompengeneinnkrevinga frå april 2019 til september 2019. Dette fordi mange bompengepakkar no vert lyst ut omtrent samtidig, og det er for få godkjende leverandørar i marknaden som kan levera. Kontaktutvalet vil at innkrevjinga skal starta så snart som mogeleg, utanom dette har dei ingen innvendingar.</p> <p><b>Radøyprosjektet:</b></p> <p>Når det gjeld Radøyprosjektet, så har vegvesenet presentert ei tilråding om at strekka bør byggast ut i sin heilskap. Dersom det skal gjerast kostnadsreducerande tiltak, bør det reduserast på lengde, ikkje på kvaliteten i anlegget (trafikktryggleik, framkomelegheit, kvalitet). Oddekalv og Heradstveit har meldt tilbake at ein ynskjer at heile vegstrekka Marås - Soltveit vert bygd ut, og at ein som kostnadsreducerande tiltak kuttar g/s-veg på heile strekka samt at ein vurderer andre tiltak som kan kutta kostnader. Fylkeskommunen ønskjer å halda fast på å kutta strekka frå Marås til tømmervelteplass, og at ei vidareføring av prosjektet kjem i neste byggjesteg fram mot Alversund som ligg nokre år fram i tid. Samstundes tilrår fylkeskommunen å kutta g/s-veg på heile strekka. Dei legg til grunn at arealutvikling i området ikkje vil auka gong- og sykkeltrafikk på den nye strekka.</p>

	<p>Når det gjeld steinkvalitet har vegvesenet fagleg svara tilbake at dei prosjekterer og dimensjonerer overbygninga ut i frå krav og retningslinjer gitt i handbøkene. Det er tatt fem steinprøver langs lina som viser varierende resultat, og det er tilrådd å nytta andre massar i overbygninga. Avdekker entreprenøren under utføringa av prosjektet, at steinmassen oppfyller kvalitetskrava, kan dei etter knusing/behandling av steinmassen, bruke den i overbygninga. Vegvesenet ser diskusjonen om steinkvalitet som avslutta.</p> <p>Oddekalv og Heradstveit understreka at kontaktutvalet har ein krevjande jobb aller tid fyrste prosjektet har så mykje større kostnad enn det som var utgangspunktet. Stortinget har vedtatt pakken med 1,5 mrd. disponibelt, men der prosjekta har ein kostnad på 1,8 mrd. Oddekalv og Heradstveit har vore tydelege på at ein ynskjer mest mogeleg veg for pengane, og at vegvesenet må sjå på dei mogelegheitene som er innanfor regelverket til å kutta kostnadar på kvalitet / og det heilt optimale prosjektet.</p> <p>Det er til slutt vegeigar (fylkeskommunen) som må bestemma kva ein gjer. Kontaktutvalet ynskjer å gjera ei avgjerd i neste møte.</p> <p><b>Deretter runde rundt bordet:</b> Regionrådet har forståing for at kontaktutvalet står overfor vanskelege avvegingar når kostnadar vert utover den ramma som er sett. Det vart likevel peika på at heile vegen frå Soltveit til Marås bør byggjast ut under eitt, og at ein heller må sjå på korleis ein kan auka inntektene til pakka slik at ein får gjennomført alle prosjekta. Det vart vist til Haugalandspakken som er auka frå 1,7 mrd til 5 mrd.</p>
Sak 23/18	<p><b>Invest in Bergen – laupemelding</b> (vedlegg) Vidar Totland gav ei laupemelding frå Invest in Bergen. Han viste til strategiane som ligg til grunn for arbeidet til Invest in Bergen, og kva område dei har jobba med siste året. Det har vore mykje fokus på marknadsføring og profilering, aktivt sal, på staden service og næringsvenleg offentleg sektor. Han viste vidare til at dei jobbar med å utvida staben med ein ressurs.</p>
Sak 24/18	<p><b>Førebuing til møte med fylkesordførar. Saker regionen ynskjer å ta opp.</b> Rune Heradstveit viste til invitasjon frå fylkesordførar om dialogmøte med Regionrådet. Dette er no utsett to gonger, og ein ventar no på tilbakemelding på dei tidspunkta som er føreslått frå regionen. Fylkesordførar ynskjer å ha dialog kring forventningar til den nye regionen og elles om aktuelle saker som regionen er opptekne av. Fylket vil møte med fylkesordførar, fylkesvaraordførar og fylkesrådmann.</p> <p>Regionrådet hadde desse forslaga til ulike saker ein ønskjer å ta opp med fylkesordførar:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Den unike posisjonen regionen, og då særleg Fensfjordbassenget, får i det nye fylket. Regionen er alt ein region med store energiressursar i form av olje, gass og elektrisk kraft. I tillegg er me ein region som er stor innan marin sektor. Med den store skipstrafikken i Fensfjordbassenget, er me også ein stor aktør innan maritim sektor. Fensfjordområdet er i ferd med å bli det tyngste næringsområdet i fylket når ein ser på industriproduksjon, service og vedlikehald.</li> <li>▪ Skulesystemet er under press, Åsane blir prioritert framfor Nordhordland. Me ønskjer ei sterk satsing på regionale utdanningstilbod innan aktuelle fagområder som aquakultur, teknikk og industriell produksjon, vedlikehaldsfag, logistikk og elektrofag. Dei to vidaregåande skulane må vidareutviklast i tråd med dette. Me skal ha «TAF-skulen».</li> <li>▪ Samferdsle: <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ E39 Vågsbotn – Nordhordlandsbrua (ringveg aust) – langsiktige og kortsiktige tiltak</li> <li>▪ E39 Romarheimstunnelen</li> <li>▪ Få riksveg status på FV 57 – det bør vere eit krav – jf. innspel i høyringar</li> <li>▪ Fylkesveggar og vedlikehald</li> <li>▪ Kystvegen</li> </ul> </li> <li>▪ Regionale / fylkeskommunale planar må ikkje tvinga kommunane i kne - konsekvensar av fylkesplanar med t.d. null utvikling i biltrafikk ute i distrikta</li> <li>▪ Regionreforma og ekspertutvalet - utflytting av statlege arbeidsplassar til regionane. Regionreforma må ikkje bli ei overstyring av kommunane</li> </ul>
Sak 25/18	<p><b>Meldingar og eventuelt</b> Jon Askeland tok opp korleis Alver og resten av kommunane samarbeider no i brytingstida med kommunesamanslåing. Det må ikkje vera tvil om at Alver vil vera med vidare i det gode samarbeidet som er i regionen, og han håpa at Alver-prosjektet også blir ein styrke for regionen. Alver ynskjer framleis vera ein del av det gode Nordhordlandssamarbeidet. Askeland understreka at det etablerte samarbeidet med IKT Nordhordland gir Alver ein kjempefordel som dei fleste andre samanslåingskommunar ikkje har. Han kjenner også til at det er eit samarbeid i «randkommunane», og understreka at det var viktig med</p>

	<p>openheit begge vegar.</p> <p>Per Lerøy viste til at «randkommunane» etter utfordring frå fylkesmannen, ser på område der ein kan samarbeida tettare om tenester. Vidare meinte Lerøy at det hastar med at fellesnemnda vel revisor slik at Nordhordland Revisjon IKS så fort som mogeleg veit kva dei skal forholde seg til.</p> <p>Regionrådet ynskjer at samarbeid og orientering om prosessar i regionen skal vera fast post i møta framover.</p>
--	---

Knarvik, 13. april 2018



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Vedlegg:

- Sak 19/18 Folkehelsearbeid – programfylke
- Sak 20/18 Region Nordhordland – utvikling og trendar
- Sak 21/18 Region Bergen Reiseliv – løypemelding april 2018
- Sak 23/18 Invest in Bergen – løypemelding april 2018